

— Lagsblad —

Nr. 2

Februar 1927

10 året

Kring lagsarbeidet.

Dei ringe økonomiske tider ein no hev havt i bygd og by ei rekke av år, og som ein framleides lyt rekna med åri frametter, vil sjølv sagt i stor mun syna att ogso i Bondeungdomslaget si verksemd. Serleg vil laget sitt arbeid utetter, gjennom pengestudnad til gode fyremål meinkast. Men ogso innetter, i arbeidet innan laget, vil ein lota minka utlogerne der det kan forsvaras. Her lyt ein likevel sjå seg vel fyre, elles kan ei uvitug spareaand brota ned mykje av det gode som gjennom åri er bygd upp, og som hev gjort laget til ein kjær samlingsstad for landsungdomen i byen. Framum alt må laget sine samkomor, fyrst og fremst dei vanlege torsdagsmøti, haldast på høgdi med umsyn til programmet. Desse møte er det som skal gjeva lagsflokken den åndeleg nærande føda, anten det no er gjennom fyredrag, ordskifte, song, musikk eller anna. Å lata sparingi ganga ut yver denne grein av lagsarbeidet, vil snart syna att gjennom mindre lagsfolk, mindre frammøte og mindre interesse og dugleik hjå den einskilde. Me nemner

ikkje dette, avdi me trur det stend mange og sterke kreftor bak eit slikt krav, men me kjenner då likevel til, at det hev vore gjort uhepne freistnader til sparing her, og at det frå einskilde i styri hev lyft seg røyster for sparing i eit og hint med umsyn til programmet.

Vidare bør det for serlagi våre, når dei arbeider i god forståing med laget, vera romlege vilkor, soleis at deira arbeid ikkje skal meinkast. Serlagi gjev att med rentor både økonomisk og kulturelt. Ogso laget sitt arbeid med umsyn til opplæring (skeid) må haldast uppe. Forutan årlege mål-skeid og leikskeid, vilde det vore bra um me fekk eit eller fleire skeid i husflidsarbeid. Likeeins bør den gamle tanken um eit barnelag setjast ut i livet.

I det heile nemner me, at det no må leggjast mykje vikt på å få eit godt indre arbeid. Samhaldet må styrkjast, den einskilde lagsmann må koma med i arbeidet, og han må vekkjast til sterkare medvit um dei fyremål laget hev. Like visst som det gjeld å fylka flest mogeleg under laget si fana, like

vist må ein prøva å gjera den ein-skilde lagsmann dugelig og interessert, soleis at han kjenner si oppgave som lagsmann i Bondeungdomslaget.

Ein sterk, medviten lagsflokk vil ogso hevda laget utetter. Den innverknad og dugleik medlemmerne skulde få gjennom laget, skal spegla seg av utetter. Held me oss sjølv til det heimlege i mål, sed og skikk, vil me setja vår æra i å arbeida for det same ogso millom andre, og me vil vinna vyrndad hjå alle. Men fyrst og fremst gjeld det, at me i og utanfor laget syner ei sømeleg framferd. Lagsfolket hev havt godt ord på seg i so måte, og det vilde vera til ulivssår for laget, um nokon skulde få det å segja at medlemmerne våre førde seg gale. Lat det aldri verta sagt!

Lagsbladet.

Med dette nr. er styringi av Lagsbladet kome på andre hender. *Kr. Bærheim* som no hev styrd bladet i fem år, hev bede seg fritaken. Med di me no hev lova å taka arbeidet etter Bærheim, vil me takka han for strevet og den sterke interesse han trass mange vandskar hev synt. Fåe medarbeidarar, men mange kritikkarar hev han røynt. Bærheim greidde det likevel godt, og me voner at han framleides vil stydja bladet.

Når me no tek styringi, vil me beda um, at lagsfolk skriv i bladet. Det er mange i laget som kan skriva um dei vil. Endå bladet er lite, fær me rom til utruleg mykje, og di fleire som skriv, di gildare vert bladet. Utstyret vil verta som fyrr, men med det snaue budsjett som er sett upp, vil ikkje noko nr. verta yver 8 sidor. Med denne

storleik vil bladet igrunnen bera seg økonomisk. (Frå ein viss kant i styri, som elles uttala at dei lika bladet godt, vert det balde sterkt fram, at det burde sparast enno meir!)

Me tek uppatt: Skriv i bladet lat det verta talarstolen for dei tankar me ber på. Innsende stykkje kan godt vera namnlause i bladet, men bladstyraren må vita namnet. Vel møtt!
Bladstyret.

Gilde samkomor

og mykje frammøte hev det vore i laget i månaden som gjekk. — Torsdag 10. febr. tala *Haukanes* um ei ferd til sudlandi og synte fram ei mengd vakre ljusbilæte. Torsdag 17. tala forfattaren *Arnulf Overland* um Olav Duun. Det var eit framifrå gildt og lærerikt fyredrag, som visseleg hjå dei fleste vakte hugen etter å læra bøkorne åt Duun nærare å kjenna.

Torsdag 24de var møtet vigd landsungdom i byen, som ikkje er tilslutta laget. Som ved tidlegare møte av dette slaget, synte det seg, at det enno er mange, som ikkje er komen med i fylkingen vår. Huset var yverfullt, og det såg ut til at møtelyden lika seg godt. Formannen, Alfr. Løvvik, heldt ein stutt og greid helsingstale, der han peika på laget sine fyremål og arbeidsgreinor og gav rettleiding for dei som måtte ynskja å bli lagsfolk. Sidan var det song av songarlaget, leikeframsyning, musikk ved brødrene Ingebretsen og avis.

Sundag 13 og 20 hadde laget leigt teatret til framsyning av *Lars-Anders* og *Jan-Anders*. Fyrste kvelden gjekk innkoma til Garborgmonumentet. Arne Espeland heldt ein velforma tale og Handelsfunk-

tionærernes orkester spela. Andre kvelden var leikarringen i elden. Tilstellingarne hadde samla bra med folk, men utlogorne var store, so netto-innkoma ikkje vart serleg stor.

Sundag 27de var det bollefest til inntekt for boksamlingi. Programmet var so langt og mangfaldig, at det kan ikkje nytta å rekna upp alt. Bærheim stod fyre tilskipingi, og det var nære innpå 500 mann tilstades.

Til rettleiding.

I dette og dei fylgjande numeri av lagsbladet vil lagslemerne finna ei rettleiding i norske ord og ordelag.

Ein lyt vel mest ganga ut frå at dei fleste av lagslemerne ikkje eig det som heiter ordbøker, og då kann det ofte henda at både den eine og den andre stend i beit for norske ord og uttrykk, so snart han vil skriva eit brev eller eit innlegg um ei eller onnor sak.

For å gjera det lettare for ein stor lut av lagsfolket å arbeida seg inn i det norske skrift- og tale-målet, so vil me i dei dømi som fylgjer velja slike ord og ordelag, som endå i dagleg tale hjå oss vert bruka i dansk-norsk — for ikkje å segja i dansk eller dansk-tysk målform.

Ordi og ordelagi vil me på den eine sida setja upp i dansk-norsk målform, og beint imot vil me klæda deim i fager nynorsk bunad i von um at lagslemerne då vil merka seg desse ordi og vendingarne og bruka dei i skrift og tale. Det vert ikkje so stort tal som kjem kvar gong. Lagsfolket hev difor god tid å gjera seg kjende med deim til det næste bladet kjem. Me vil elles råda lagsfolket

til å samla desse ordi og ordelagi soleis, at dei med tidi kann leggja seg til ei liti ordsamling. Denne ordsamlingi kann dei sjølve ordna nokolunde alfabetisk.

Serleg skulde dei som ikkje hev høve til å vera med på målskeid i B.u.l. nytta seg av denne vesle, men rette lærdomen.

Sant å segja stend det reint ille til med det norske skriftmålet i laget. Lat vera at ein stor lut av lagslemerne held på bygde- eller bymålføri innan laget; men me lyt då vera klåre yver at me ikkje alltid kann bruka desse målføri i skrift.

Endå um ein skriv til far, mor eller systkin, so vil ein då helst bruka reint mål, og gløym ikkje at reinleiken i skrivemålet dykkar er ein god mælestav for den kunnskapen de sit inne med. Og Vinje segjer med oss som syng det at: „Kunnskap skal styra rike og land“.

Vonleg vil lagslemerne snart ganga so langt inn i seg sjølv at dei segjer: „Du din stakars arming som sit her og klorar på dansk mål, endå du eig det finaste målet som kling frå norrøn tunga idag. Skam deg, og snu inn att på den vegen som fører deg til språklegt sjølvstende“.

Det å kunna handsama skriftmålet sitt på ein fullgod måte hev større verd i livet enn dei fleste trur. Eit rikt utval i ord og ordelag er vilkår for god målføring. --

Difor lagsfolk, legg dykk i selen og lær det norske skriftmålet slik at laget kann syna seg i heilnorsk målbunad både innerter og utetter. Lat ikkje songen um målet hennar mor berre vera innhaldslause ord og verka til glis og lått for unorske motmänner.

Det er viljen det gjeld um: Den som vil han kann — og læra det norske skriftmålet.

Lagsfolk som frå målføri sine kjenner til sernorske ord og ordelag i staden for dei unorske som vert bruka i „danned“ tale vert bedne um å senda desse til bladstyret.

Bladst.

Norske ord og ordelag.

Norsk	Dansknorsk
å byrja [a, a] *)	at begynde
ein byrjar	en begynder
ein nybyrjar	» nybegynder
» næmning	» —» —
ei byrjing	» begyndelse
i byrjingi	i begyndelsen
å dryfta [te, t]	behandle
hava fyre	
handsaam [a, a]	
å skyna [a, a]	
lagleg	at begripe, forstå Tysk: verstehen
kvæm	
makleg	
lettvint	
	bekvem

*) Dei tvo einskilde bokstavarne segjer oss kva hovudvokalen av verbet skal heita i fortid og fortids particip.

Takk!

Det kann vel vera på sin plass for meg som formann i laget å bera fram ei takk til den bladstyrraren som no gjeng av. Det er nok so at alle ikkje hev vore nøgde

med alt som hev vore i bladet denne tidi, eg hev sjølv av og til vore missnøgd, men det er berre småting, når ein tenkjer på kva arbeid og kva tid det gjeng med til eit slikt arbeid. Og um Bastian av og til hev høyrte kritikk for eit eller anna, so kann han trøysta seg med, at soleis vil det verta, kven som kjem til å styra med bladet. Eg vil frå laget få bera fram ei takk til Bastian for det arbeid han hev lagt ned som bladstyrar og vona at han framleis vil halda fram med å skriva.

Og so vil eg ynskja det nye bladstyret velkome og vona dei fær gleder av arbeidet.

Formannen.

Biografien

um Severin Vik.

Det hr. Vik legg til „biografien“ sin, skal eg sovisst ikkje skipla noko med. Det kan få stå for hans eigi rekning.

Eg tykte elles han måtte være nøgd med det som vart skreve. Men når hån finn at han vil syna fram ogso ei slik side av seg, so segjer eg berre: Ver so god!

M. V.

Frå styremøte 2-3.

Møtelista for mars:

- Torsdag 3. **Fyredrag av Jørgen Bukdahl:** Rasmus Løland.
 Sondag 6. **Leikemøte.**
 Torsdag 10. **Fyredrag av sogneprest Hovda:** Michel Angelo.
Bondeguten.
 Sondag 13. Spelstykket „**Friarsjau**“, leik o. a.
 Torsdag 17. **Ordstkifte:** „Når kvinna tevlar med mannen“. Innleidarar: *Frk. Anestad og Ths. Clementsen.*
 Torsdag 24. } **Marknad-tilstellingar.**
 Fredag 25. }
 Torsdag 31. **Leikemøte. Bondeguten.**

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

Bladstyre: Johs. Hatteland, O. A. Vestbø og Andr. Øvsthus.

S. Undems Boktrykkeri.

Forlang

BILHOLDEPLASSEN
NÆRSTRANDSGATEN 35

Telefon 1920

Lave takster *K. Tunglund*

ALT I BØKER
ALT I PAPIR
og SKOLEMATERIEL

FAAES I

K. OPSANGERS BOKH.
KIRKEGATEN 11 - STAVANGER

*Faner og
Teaterkuliser*

Bernh. Holgersen
Malerforretning - Kongsgt. 24

RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET ^A/_S
Kirkegaten 1.

LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg — Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd gode norsk målstiltak. Ælvorle målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjøve og saki deira å ta tryggingane sine i

Andvake.

Agentar i Stavanger:

*Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,
T. Gou, Alfred Løvik, Magnus Våge,*

Matstova og Kaffistovorne

til BONDEUNGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande
som vil stetta svolten eller kvila ei stund.*

GILDASTE STOVONE I BYEN

Ingen presenter

pryder og pynter

som blomster fra

Blomsterhallen

Alf Solheim

Østervaag 18

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

Hele Rogaland

er firmaet

S. Gitlesen

— Østervaag 41 —



kjendt som billigst i

**Stentøi - Glas - Porselæn
og Petroleumslamper**

MASKIN-

HUSET

Indeh. Thorvald Veire
Bredgaten 9



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKER og GAFLER
moderne mønster samt
FORLOVELSESRINGE i største udvalg
(MALJER og NAALER til nasjonalbunad)

GULDSMED M. SOMA

ARNEAKEREN

TETEFON 765

GODT DRIKKA!

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt
og sur eplesaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A.B.C.)

————— Løna med fleire medaljor —————

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

————— KONGSGATA 36 —————

Telefon
727 k

J. L. Tiedemanns Tobaksfabrik

kommissionslager i Stavanger

*Stadig paa lager
de mest anerkjendte merker i
Cigaretter og Tobak*

J. Bjørgo - Ø Holmegt. 15

Benyt telefon 1093

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevarerforretning**

R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Håmpegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

M E R K !

*Største og fineste utvalg i ram-
melister, ovale gullspeiler og rammer
Innramning av bilder*

M. ANDREASSENS

Rammeforr. og Kunsthandel

Ø. Holmegt. 25

Telefon 1469

BRØDRENE DAG

Nygaten 48

:: ::

Telefon . 937
Butikken. 3083

**Malerbare- og
jernbareforretning**

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING :: ::

ETABL. 1828

OLAV HAMRE

TELEFON 3440 — NYTORVET

Cigaretter og Cigarer

en gros

Tobakk - Piper

ALT I SJOKOLADE - DROPS
STORT UTVAL I FRUKT

TIME

**Jonas Jørstads
BOKHANDEL**

Stort lager av nyare og eldre litteratur.
Tingingar til boksamlingar og leselag
vert sytt for fort og greitt

Fotografiske artiklar

Musikvarer



- SOM FOLK FLEST LIKER BEDST.



Solo

den animalske kvalitetsmargarin

DAGENS MOTTO:

*Avkokt torsk
med smeltet*

Solo

staar i en klasse for sig
selv ikke bare til bord-
bruk og bakning, men
ogsaa til stekning og
smeltning.

STAVANGER SMØRFABRIK